

Forskarmesse

Av Marita Kristiansen, Holbergprisens sekretariat

Formål: Elevane skal få vise fram forskingsprosjekta sine.

Tidsbruk: 2-3 timar.

Forarbeid: Elevane førebur ein plakat-presentasjon av forskingsprosjekta sine.

Instruks:

Plakaten skal kunne lesast og gi meining for dei som besøker standen din, og han skal kunne brukast som hjelpemiddel for deg når du skal forklare kva du har jobba med. Hugs at dei besøkande ikkje nødvendigvis er ekspertar på det faget du har forska i / temaet du har forska på.

- Plakaten skal presentere problemstillinga di.
- Du skal vise korleis du har gått fram (metode).
- Du må presentere dei viktigaste funna du har gjort. Her er det lurt å legge inn konkret datamateriale som du kan bruke til å forklare, og som illustrerer.
- Konklusjonen skal komme tydeleg fram på plakaten.

Gjennomføring:

Ein inviterer gjester. Det kan vere elevar og lærarar frå skulen, presse og ulike lokale foreiningar som kan vere interessert, eller familie og vener.

Elevane/forskarane set opp kvar sin stand/eit bord rundt i lokalet/biblioteket/klasserommet.

Her heng dei opp plakatane, legg fram utskrift av forskingsartikkelen sin og eventuelt anna relevant materiale.

Dei besøkande går rundt og les plakatane og pratar med elevane/forskarane om prosjekta deira. Her må elevane/forskarane vise at dei greier å forklare prosjektet sitt for ulike mottakarar, både dei som kan mykje om faget og dei som er heilt blanke.

Ekstra flott blir det om ein kan by på noko i eit høgt glas og noko å bite i.